

Møtereferrat

Møte: Tlf møte AU Nord-Norge
Tid/Sted: Torsdag 18.01.18 kl 14.00 – kl 16.00
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Bente Børsheim, Birgitte Rørvik Bruun, Bjørn-Arne Skoglund, Merethe Sund og Svein Inge Jakobsen.
Forfall:
Kopi til: Vara AU, leiargruppe råvare og medlem region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger Molde, 18.01.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styremøtet 17.01</p> <p>Merethe orienterte om eit svekka resultat, 2017 vart svakare enn forventa. Tiltak godt i gang, nye tiltak også no. Fryst løn, reduserte tilleggsytingar, spesialvarestreumar etter avsetning i marknaden, økonomisk betre distribusjon, redusere svinn og hastesal, handtere ubalanse i råvaremarknaden, vurdere prosjekt utifrå økonomi. NOVA fortset som før. Styrke sal av merkevarer, særleg pålegg. Utgått liggetid: Oppfølgingsprogram utarbeidd. Hatt auke i daglegvarehandelen totalt, litt på Gilde og mest på Prior. Nedgang EMV på egg og kylling. Ingen priskrig på julevarer. Liten nedgang på julesalet, på nivå med 2016.</p> <p>Omsetningsrådet: Styreleiar deltatt i møte, spm om WTO-regelverket er brote. PROFF: Inngått 14 nye avtalar NOVA: Implementering i april. Samfunnsrapport er utarbeidd, kjem etter årsrekneskapet, skape tillit og posisjon. Prior kalkunbacon: Mattilsynet protesterer på namnet Min kiosk: Ny app utarbeidd. Egg: Mandat for fleire eggpodusentar i omstilling, etter press frå industrien. Rapport til styret i mai. Dyrevelferd: Merkeordning vurdert, basert på KSL og Nyt Norge.</p> <p>Totalmarknad: Ny prognose utarbeidd. KLF får ikkje tollnedsetjing på storfe før reguleringslager er tømt. Sau/ung sau har maks frysefrådrag, ikkje frysefrådrag på lam. Gris: Handterbar overproduksjon. Egg: Godt eggssal, vedtatt førtidsslakting.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Livdyrformidlingsprosjektet, vert det stoppa no?• Erstattar kjedespesifikke varer det reduserte salet av EMV?• Dokumentasjon for at det vert auka import dersom Nortura ikkje får omstilt eggproduksjonen?• Kvifor er ikkje status slakting av vaksen sau allereie etterspurt hos lammeringsleiarane? <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	<p>Ny Giv i kretsarbeidet</p> <p>Brit Kari orienterte. Saksframlegg til styret sitt møte i desember var utsendt. Styret sitt vedtak: <i>"Økonomien i selskapet gjør at styret ikke ønsker å anbefale full utrulling av Ny Giv i alle kretsutvalg, men anbefaler likevel å videreføre utprøvingen av modellen gjennom piloter. Styret vil overfor valgkomiteen foreslå at det innføres aktivitetsbasert godtgjørelse for</i></p>	

kretsledere basert på den modellen som er skissert i prosjektet."

Brit Kari sitt forslag er at AU peikar ut nye pilotområde. Oversikt over kretsaktivitet 2017 var utsendt.

Innspel/kommentarar:

- Ny Giv har vore gåvepakke, er no rimeleg sjølvgåande. Utfordring ved byte av kretstillitsvalde for vidareføring. Støttar tanken om nye pilotområde. Nokre kretsar har ingen aktivitet, treng Ny Giv. ETS, Narvik/Ballangen og Ytre Sør-Troms pilotområde støtta aktivitetsbasert godtgjersle.
- Vest-Finnmark, Lyngen, Kåfjord, Midt-Troms, Astafjord, Svartisen og Beiarn kan vere aktuelle nye pilotområde.
- Skal vi utfordre dei som ikkje gjer noko, eller dei som har litt aktivitet?
- Kor stor er kvar krets i antal leverandørar? Ikkje velje dei minste kretsane, men mellomstore med potensiale
- Vega, Sør-Helgeland og Bindal kan vere eit pilotområde.
- Takast vidare i kretsmøte og RU-møte? Info i kretsmøta, der vi etterspør nye interesserte pilotområde.
- Avvente til etter kretsmøta med å fastsetje pilotområde.
- Brit Kari sonderer interesse hos nokre kretsar.

Vedtak: AU vedtek at Ny Giv i kretsarbeidet skal vidareførast i nye pilotområde. Brit Kari jobbar med aktuelle pilotar til AU sitt neste tlf møte 16.02.

3 Orientering frå Råvare og Medlem region Midt

Svein Inge orienterte om tiltaksplan til 2020, på kort og lang sikt, for konkurransedyktige vilkår. Konkretiserast innan 29.01 for dei tilsette.

Info møter i Finnmark om nytt storfekjøtprosjekt. Jobbar med søknad. Mål å ivareta all kalven i Finnmark. 2017: Karasjok slakta 130 kalv, er 120 færre enn i 2016, noko selt som livdyr til konkurrent. Vidare info om slaktetal for dei ulike anlegga.

Jobba mykje på fabrikkane for å balansere bemanninga, god start dei to fyrste vekene i år kontra i fjor.

Jobbar med medlemsbutikk på Bjerka og Målselv, samt lokale for medlemsbutikk i Harstad.

Spørsmål/kommentarar:

- Media skriv at vi skal redusere med 360 tilsette. Forbetningsprosjektet går også på NOVA.
- Veldig bra at det vart info møte om storfekjøtprosjektet både i Alta og Karasjok.
- Stort potensiale i region Nord for å redusere kostnader, med redusert transport av råvarer. Auka produksjon av storfe, foredla og distribuert i regionen hadde vore gunstig.
- Korleis har salet av Thulefjord og Polarlam gått?
- Fortsatt klage på tilgang av Thulefjord på Helgeland.
- På Sømna bugna med Thulefjord-produkt.
- Tener vi pengar på medlemsbutikken i Harstad?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 Førebuing kretsmøter

Lokale saker/spørsmål: Kva må vi førebu oss på?

Innspel/kommentarar:

- Alta og Karasjok: Nord-Norge trekk, livdyrformidling, rådgjeving, overproduksjon lam, økonomi
- Kvifor finn vi ikkje produkta i butikk, knytt til økonomi og overproduksjon
- Klima og miljøtiltak i Nortura, kva gjer vi?

- Prisløype lam
- Bærekraftig og lang transport av råvarer
- Dyrevelferd og ny merkeordning
- Dyrevelferd gris
- Bruke kretsmøta til å informere om fordelene med å bruke Nortura si livdyrformidling kontra facebook-formidling og formidling via TINE.
- Folder/brosjyre om livdyrformidlinga utarbeidast til kretsmøta?
- Info/SMS om status for livdyrformidlinga til kjøparar/seljarar?

Vedtak: Adm jobbar vidare med førebuingane til kretsmøta.

5 Representasjon på årsmøter

- 20. – 21. februar: Troms Bondelag årsmøte i Tromsø, påmeldingsfrist 29.01 (*Svein på Finnmarkssamlinga 21. – 22.02*) **Fred Tore ?, alt Ragnhild**
- 23. – 25. februar: Nordland Bonde- og småbrukarlag, Bodø
- 28. februar – 1. mars: Finnmark Bondelag årsmøte, Lakselv (*Birgitte? Svein og Endre på kretsmøter*)
- 9. – 10. mars: Felles årsmøter Finnmark og Troms Bonde- og småbrukarlag, Tromsø
- 14. – 15. mars: Nordland Bondelag årsmøte, Bodø **Endre**

Vedtak: AU vedtek representasjon på årsmøta som presentert ovanfor.

6 Eventuelt

- Kopi av referat frå tlf møter mellom livdyrformidlarar, rådgjevarar og transportørar Arne til Birgitte.